

# EVAKUERINGSINSTRUKS

## for Stord kyrkje

### Omfang og føremål

Denne instruksjonen gjeld generelt for alle som oppheld seg i kyrkja, og særskilt for kyrkjeleg tilsette og frivillige som har bestemte oppgåver ved evakuering. Det heng teikning i våpenhuset og kjøkkenet med merking av kvar brannsløkkje-apparata befinn seg.

Føremålet med instruksjonen er å sikra at alle, dersom brann eller annan kritisk situasjon oppstår, kjem seg ut til trygg tilvist stad.

### Framgongsmåte

1. Om du oppdagar brann må du snarast varsle til prest/liturg/den som står for arrangementet. Klarar ein å sløkkje små tilløp før alarmen går, treng ein ikkje evakuere kyrkja.
2. Prest/liturg/den som står for arrangementet informerer om å gå roleg ut, og å møte på parkeringsplassen.
3. Kyrkjetenaren ringer brannvesenet, og sjekkar brannsentralen kvar brannen er.
4. **Evakuering av kyrkjerommet gudsteneste:**
  - A. Prest/liturg og klokkar har ansvar for evakuering gjennom preste- og dåpssakresti.
  - B. Kyrkjetenaren har ansvar for evakuering ut hovudutgangen og sideutgangen.
  - C. Organist/kantor har ansvar for evakuering frå galleriet, og få ut stigane.
  - D. Kyrkjevertar eller andre som gjer teneste under arrangement i kyrkja hjelper til etter anvisning frå kyrkjetenaren. Kyrkjevert kjører ut vogner, rullatorar mm som står bak nederste benk.
5. Gå ned til den store parkeringsplassen ved kyrkja straks du er komen ut av kyrkja. Gje opplysningar om eventuelle sakna personar. Viss mykje folk må ein vidare over bru mot bedehuset for å gje plass til brannbilar.
6. Prest/liturg går ut sist og sjekkar at det ikkje er fleire igjen i kyrkja.
7. Oppløysing på staden skjer kun etter ordre frå brannvesenet eller prest/liturg/den som står for arrangementet.

Det er fire brannsløkkjeapparater i kyrkja (våpenhuset, miksebord, kjøkken, prestesakresti), eitt i orgel-etasjen og eitt i kapellet. Det er to branntepper i kyrkja; eitt ved miksebordet og eitt på kjøkkenet. To brannslangar; ein på kjøkkenet og ein i 3. etasje (etasje over orgelet). Det er brannstigar på kvar side av galleriet. Alarm går i kapellet samtidig.

### Særskilte tilhøve

Når det er over 400 personar i kyrkja, ved bruk av levande lys, ved bruk av tilleggsstolar og anna utstyr som kan avgrensa røymingsveggar gjeld instruksjonen "Særskilte tilhøve i kyrkja".